

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 69/2004

av 8. juni 2004

**om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og
plantesanitære tilhøve)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg I til avtala vart endra ved avtala om Den tsjekkiske republikkens, Republikken Estlands, Republikken Kypros’, Republikken Ungarns, Republikken Latvias, Republikken Litauens, Republikken Maltas, Republikken Polens, Republikken Slovenias og Den slovakiske republikkens deltaking i Det europeiske økonomiske samarbeidsområde undertegna i Luxembourg 14. oktober 2003⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsvedtak 2004/205/EF av 1. mars 2004 om fastsetjing av overgangsføresegner for handel innanfor Fellesskapet av sæd, egg og embryo frå storfe, svin, sau, geit og dyr av hestefamilien som stammar frå Den tsjekkiske republikken, Estland, Kypros, Latvia, Litauen, Ungarn, Malta, Polen, Slovenia og Slovakia⁽²⁾, skal takast inn i avtala.
- 3) Denne avgjerda gjeld ikkje for Island og Liechtenstein –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg I kapittel I etter nr. 68 (kommisjonsvedtak 2002/878/EF) i avtala skal nytt nr. 69 lyde:

”69. **32004 D 0205:** Kommisjonsvedtak 2004/205/EF av 1. mars 2004 om fastsetjing av overgangsføresegner for handel innanfor Fellesskapet av sæd, egg og embryo frå storfe, svin, sau, geit og dyr av hestefamilien som stammar frå Den tsjekkiske republikken, Estland, Kypros, Latvia, Litauen, Ungarn, Malta, Polen, Slovenia og Slovakia (EUT L 65 av 3.3.2004, s. 23).”

⁽¹⁾ TEU L 130 av 29.4.2004, s. 3, og EØS-tillegget til TEU nr. 23 av 29.4.2004, s. 1.

⁽²⁾ TEU L 65 av 3.3.2004, s. 23.

Artikkel 2

Teksta til vedtak 2004/205/EF på norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 9. juni 2004, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utferda i Brussel, 8. juni 2004.

*For EØS-komiteen
Formann*

S. Gillespie

Sekretærer for EØS-komiteen

Ø. Hovdkinn M. Brinkmann

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.